




# **Åkrafjorden**

## **Landskapspark**



### **Rapport til FMLA**

### **Aktivitets- og framdriftsplan**

### **2007 – 2008**



Bakgrunn.....	3
Prioritering for Åkrafjorden Landskapsark.....	4
Framdriftsplan.....	6
Streif 2007.....	6
Organisering.....	7
Oppstart av delprosjekter .....	7
Landskapsanalyse .....	7
Status næringsaktivitet .....	8
Møter med fremtidige samarbeidspartnere .....	8
Arbeid med mulige inntektskilder, sponsorer og partnerregioner .....	9
Nyhetslanseringer i media.....	10
Studietur i egenregi.....	10
Veien videre frem til 2010 .....	10



## Bakgrunn

Åkrafjorden er ein av sju bygder i seks kommunar som er valt ut til å delta i verdiskapingsprogrammet for utvikling av "Landskapsarkar i Hordaland" haust 2006. Fylkesmann i Hordaland sin avdeling for landbruk (FMLA) har bedt dei respektive pilotområda levere ein aktivitets- og framdriftsplan inklusivt eit økonomisk oppsett av prioriterte tiltak for dei neste åra innan 15 januar 2007.

Intensjon frå prosjektstyre i *Åkrafjorden som ein landskapsark* er å legge fram ein ambisiøs og realistisk plan som er tufta på tilbakemeldingar frå dei prosessamlingar som har vert blant dei involverte i Åkrafjorden pilotområde. Det har skjedd gjennom fleire opne bygdesamlingar, spørjeskjema til heile 300 grunneigarar og intern dialog mellom dei mest involverte partar frå Åkrafjorden – grunneigarar og næringsbedrifter.

All utvikling i denne regi er tufta på eit Charter for området som har berebjelke knytt til prinsipp som støtt seg mot ansvarleg turisme verksemd; Geoturisme; definert som turistaktivitetar og reise som er skånsam med lokal miljøet den omgås, som promoterar autentisk kulturell interaksjon, og respekt for lokale tradisjonar og som tek sikte på å gi økonomisk avkasting til vertssamfunnet.

Prosjektstyre har merka seg at ansvarleg turisme eller Geoturisme er ein gruppering med sterkast vekst måla i interesse innafor reiselivsmarknaden på verdsbasis, spesielt i UK og på kontinentet i Europa. Marknaden vil ha ekte opplevingar som gir utbytte som utover dei ordinære forventingar; dvs dei vil sjå at samfunn i nedoverbakke kan reis seg takka vera deira tilkomst som turist. Mantra til dei internasjonale og norske turistar dette prosjektet bør ta mål av seg å nå er blant anna:

- Overnatt lokalt eigde overnattingsstadar
- Prøv lokal produsera mat
- Leig lokale guidar
- Vær ansvarleg for fysisk påverknad i lokalsamfunnet man vitjar
- Kjøp lokalt produsera suvenir tufta på berekraftig lokal produksjon



Prosjektstyre vil arbeida vidare med punkter til eit Charter; døme som arbeidast med er frå Roturua Turism i New Zealand sine heimesidar og FMLA sine sidar. Sjå vedlegg. Meininga med dette arbeidet er å få eit Charter dokument til offentleg høyring for så i løpet av vår – sommar 2007 inviterar til signering og tilslutning. Det tas sikte på ei formell stifting av Landskapsarkområdet med offentleg signaturar for Charteret. Dei som knytt seg til Charteret vil også kunna nytta merkevare si knytt til Åkrafjord profilen, derfor vil det alltid vera mogleg for styret å ta opp nye medlemmar enten det vert næringsaktørar eller grunneigarar.



## Prioritering for Åkrafjorden Landskapsark

Målet med å utvikla ein landskapsark frå Rullestad i øst til Kyrping og Åkra i sørvest, er at området, saman med Folgefonna Nasjonalark, skal bli eit fyrårn for reiselivet i Haugalandregionen. Nye reiselivsprodukt skal skapa lokale arbeidsplassar på eit berekraftig vis med utgangspunkt i lokale og regionale ressursar. Vasnes

Dette i samsvar med Innovasjon Noreg; Hordaland sin visjon: *Fjord-Norge skal bli eit leiande Fly & Drive/ kortferie reisemål i Europa for besøkande som er ute etter naturbaserte opplevingar som er tufta på geoturisme.*

Fokus i åra framover er:

- Utvikle Åkrafjorden landskapsark som ein merkevare med Langfoss som spydspiss
- Iverksetjing av felles skiltprofil og oppgradering av felles infrastruktur i planområdet
- Iverksetjing av eit lokalt selskap som skal marknadsføre og sel tilboda i landskapsarken, til dømes båtskyss, gardsbesøk, overnatting, lokal mat, guida turar og andre aktivitetar
- Utforma ein modell for tilbakeføring av verdiar til lokalsamfunnet til dømes restaurering og skjøtsel av kulturlandskap, bygningar, kaianlegg og stinett
- Arbeide for felles beiteavtalar for å motvirke gjengroing av kulturlandskapet
- Arbeida for å få etablert ein større turistbåt for Landskapsarken

Prosjektstyre meiner at den beste vegen for å best nytta positive resultat for dette arbeidet; er at fokus tek utgangspunkt i det som har best suksessgrunnlag for formidling og sal av framtidige produkt pakking forhåpentleg allereie sommar 2007. Styret meiner difor at Åkrafjordtunet/Teigland i denne omgang er base for dei neste åra med tanke på sal og formidling; men etterkvart også inkludera Rullestad, Kyrping, Fjæra, Langfoss, Eljarvik, og dei kaianlegg på nordsida som ønskjar eit aktivt samarbeid til dømes Eikemo, Kvannal og andre stadar.

Åkrafjordtunet på Teigland i Åkrafjorden er peika ut til Etne kommune sin innfallspurt for Folgefonna Nasjonalark. Tunet er i dag eit vellukka utstillings- og informasjonssenter for Folgefonna Nasjonalark og lokalhistorie. I tillegg er Åkrafjordtunet i dag daglegvarebutikk, kafeteria (120 personar), toalett, møterom, selskapslokale og utleigebustader, pluss gode parkeringstilhøve ved E-134. Butikken sel m.a. den kjente, lokalproduserte Åkrafjordpølsa. Tunet er lokalt grendesenter i Åkrafjorden, men også regional innfallspurt for Sunnhordland og Haugalandet ved E-134. Dørteljaren på tunet syner at der er +/- 140.000 personar innom pr. år.





Tal frå vegbommen ved Langfoss seier at der passerte heile 487.000 kjøretøy på E-134 i 2006, med 70.000 i juli som høgste månad. Stikkprøvar gjennom fleire år syner at oppimot 25 % av dei passerande stoppar ved Åkrafjordtunet. Tunet er også godt innarbeidd i segmentet turbuss / gruppereisar. Der kjem 8-10 turbussar til tunet pr. veke i snitt, dvs nærare 500 pr. år.

Det er i tidas natur at det ligg eit særleg stort potensiale ved Åkrafjordtunet, for å vidareforedla funksjonen som vedgår informasjon om Folgefonna Nasjonalpark gjennom formidling og sal av *ansvarleg turisme*; Geoturisme. I hovudsak i tidperioden frå mai til september, men også haust, vinter og vår har potensial i nisjemarknad, til dømes sal av organisert hjortejakt, hesteturar, stølsopplevingar og liknande. Dette igjennom sal av:

- Organisert guida turar i nærområdet
  - Fotturar på nordsida; kulturelle vandringsturar, Breturar, stølsturar og liknande
  - Fotturar på sørsida; Langfoss, HT sitt turnett, Eljarvik – Fjæra – Rullestad og liknande
- Sykkeltur: Sykkelturar på gamle E-134 langs Åkrafjorden med sjølvguidingskart
- Båtturar i forskjellige typar båtar langs Åkrafjorden med Langfoss som fotopunkt og formidling av dei historia frå Åkrafjordtunet til Fjæra.
  - Styret arbeidar med leigeavtaler får utleige båteigarar
- Kano- og kajakkurar med/utan guiding med start/stopp – t/r Åkrafjordtunet – Fjæra



Alle desse produkta kan kombineras og utfylla kvarandre som kombinasjonspakkar som inkluderar kryssing av forskjellige opplevingar, beverting av lokal mat og drikke, sal av lokalt produsera mat og suvenir produkt, lokal overnatting. Desse produkta kan gjennom eit lokalt selskap som Åkrafjord Opplevingar AS knytt seg til hotell og reiselivsdistributørar i Haugalandet så vel som Destinasjon Hagalandet og Fjord Noreg sitt marknadsapparat.





## Framdriftsplan

Sjå også vedlagt handlingsplan med tidsramme for 2007 og utover. Styret har arbeidsmøte følgjande datoar for første runde i prosjektet:

Dato	Sted	Hovudtema
9 januar 07	Åkrafjordtunet	Søknad til FMLA
6 februar	Åkrafjordtunet	Svar søknad – start
6 mars	Åkrafjordtunet	Prosjekttiltak
17 april	Åkrafjordtunet	Prosjekttiltak
15 mai	Åkrafjordtunet	Prosjekttiltak

I tillegg vil det vera hyppige møtar i arbeidsgrupper for båt, aktivitetsselskap, suvenir produkt, profilarbeid, og dei nemnte prioriterte tiltaka.

## Streif 2007

Hovudtema for Streif 2007: Lokal mat & kultur i festivalmarknad modus



Styret vurderer i desse dagar å arrangert eit lokalt mat streif 2007 for landskapsparken i Åkrafjorden, som til dømes sett fokus på den lokal Åkrapølsa + geitost og dens omfattande historie med samarbeid på tvers av fjorden ein helg eller veke under sommer 2007 og/eller haust. Det vurderas å bruka "festival område" på Åkrafjordtunet og andre stadar i parken. Eit anna tema i same paraply er å legg den tradisjonsrike fisketevlinga ifrå Fjæra under sama paraply, med stunt kokkar og fiskemarknad på Fjæra.

Styret vil arbeida vidare med desse planane så fort det økonomiske frå FMLA er avklara, og då i låg med Åkrafjorden Grendeutval og Etne Kommune.



## Organisering

Styret består av følgjande deltakare:

<i>Namn</i>	<i>Stilling</i>	<i>Rolle i styret</i>
<b>John Karsten Hustveit</b>	Dagleg leiar Åkrafjordtunet AS	Styreleiar
<b>Hege A. Meland</b>	Grunneigar Fjæra	Sekretær
<b>Øystein Eljarvik</b>	Grunneigar Eljarvik	Varastyre leiar
<b>Trygve Øvstebø</b>	Dagleg leiar Smiedal Gardsferie	Medlem
<b>Jon Vidar Frøyland</b>	Grunneigar Utåker	Medlem
<b>Ola Djuve</b>	Grunneigar Eintveit/Djuve	Medlem
<b>Per Martin Kjellesvik</b>	Grunneigar Rullestad	Medlem

Styret vil ta mål av seg om å arbeide for dei nemnte fokusa i åra framover. Styret vil aktivt arbeide for at prosjektet fall over i ein verksemd AS fokus til dømes Åkrafjorden Opplevingar AS – Åkrafjorden Vekst & Trivsel AS, med eige styre og aksjonar som knytt seg til eit felles berekraftig selskap som bygg på det Charter for Landskapsparke – Kulturlandskap. Dette selskapet må ta høgde for å lønna ein dagelig leiar på heilårsbasis, og nytta sesongmannskap i sommarsesong slik at selskapet kan generere omsetning på produktpakninga retta mot Geoturisme.

## Oppstart av delprosjekter

Sjå handlingsplan: Styret vil i fellesskap ta ansvar for å få satt planen i live, og gjera ord til handling; sjølvstøtt med god hjelp frå kommunen, Prosjekt for Auka Verdiskaping mellom Landbruk og Reiseliv i Etne, og andre organisasjonar og verkemeddelapparat. Samstundes vera talsorgan for lokalsamfunnet.

## Landskapsanalyse

Det fins allereie masse materielle å gripa fatt i; sjå til dømes områdetiltaksrapport frå Silke Hansen i regi Planteforsk Fureneset og rapport utredningar tilknytt vassdrag, kraft og Folgefonn Nasjonalpark som strekk seg inn i landskapsparke.

I tillegg har med boka Kulturhistorisk vegvisar Etne som er både ei praktisk reisehandbok og ei praktbok om kulturhistorie og natur. Ho er rikt illustrert med over 320 gamle og nye foto, teikningar, maleri og kart. Det er ei todelt bok; ein temadel med lengre fagartiklar skrevne av historikarar, arkeologar og andre fagfolk i fylket og lokalmiljø, samt ein rutedel som visar veg rundt i kommunen. Her finn du småartiklar om attraksjonar, kulturminne, tettstader, natur, segner m.m.

Det er foreslått til styret at ein del av potten det søkas midlar frå blir ein jobb for eit PR byrå som Oktan Syd Vest som saman med ei arbeidsgruppe arbeidar fram koss landskapet og parke og ikkje minst produkta skal framhevas på kort- og langt sikt



med Geoturisme og Charter som vektskål for val av merkevarebygging og formidlingsteknikk.

## Status næringsaktivitet

Det er om lag 120 registrerte næringsaktørar i Brønnøysundregistret i området frå Vasnes til Matre og inn mot Rullestad. Dei fleste er grunneigarar med enkeltmannsverksemd, men mange er bedrifter som er svært påverka av tilstand i eit marknad utafor, men også gjennomvegfara turisme og transport trafikk.

Mange aktørar er i ferd med å tenka nyetablering, nyutvikling, og salsfokusera produktutvikling tufta på turisme og småskala produksjon av suvenir og matprodukt.

1. Åkrafjordtundet – oms 2005 – 14 millionar – 17 ansatte
2. Hardanger Lys AS (Stearinlysproduksjon, suvenir)
3. Johs Lundal & Sønner AS (Kjøttforedling)
4. Eikemo Felleseter BA (Eikemostølen og heilårs gardsdrivande på Eikemo)
5. Åkrafjorden Heimebakeri DA (Bakeverk)
6. Stall Lundal Vivi Olaus Lundal (Hestetransport)
7. Else Lundal Fjæra (Langfoss kiosk, turist informasjon)
8. Øystein & Nina Eljarvik (Gard på Eljarvik)
9. Per Rullestad (Gard på Rullestad)
10. Per Martin Skjellesvik (Uteleie bygg på Rullestad)
11. Sigrid Bjelland (Gard på Kvandal)
12. Harald Eintveit (Gard på Eintveit)
13. Aksel Ytrenes (Gard på Eintveit)
14. Roar & Svein Djuve (Gard på Djuve)
15. Oddny Miljeteig (Gard på Eikemo)
16. Osvald Bjelland (Gard på Bjelland)
17. m. Fleire

## Møter med fremtidige samarbeidspartnere

Prosjektleiari i AVLRL har allereie hatt møtar med møte med Kvinnherad og Åkra Bygdelag, dei er nå med i styret representert av to lokale reiselivsaktørar; den administrative og den politiske leiinga i kommunen er også informert og har stilt seg positivt til eit formelt samarbeid med Etne Kommune.

Så fort styret har fått ein økonomisk avklaring frå FMLA vil det bli tatt initiativ til formelt møte mellom partane i kommunane og styret i landskapsparken for å greia ut vegen vidare i fellesskap.

Næringa utanfor landskapspark området er høgst grad aktivt med i prosessen, kor både turistinformasjonar, gåvebutikkar, aktivitetsselskap, overnatting, restaurantar og investorar har uttrykt stor begeistring for planane – sær i Haugesund området.

Styret arbeidar utstrakt med å pleie kontakt med viktige nøkkelspelarar og næringsaktørar utanfor regionen, og vil sjølvstendig knytt seg opp mot infrastruktur i reiselivet for Haugalandet.



Haugesund Turistforening er allerede kontakta og har vist interesse for å samarbeide med Landskapsparken og prosjektet, likeleies har Rogaland Friluftsråd. Disse kontaktane vil bli arbeide vidare med så fort den økonomiske avklaringa er klar.

## **Arbeid med mulige inntektskilder, sponsorer og partnerregioner**

Sjølv sagt vil styret arbeida for å hausta andre midlar inn i tiltaksprosjektet etterkvart som prosjektet stridar fram. Det er mange vegar i verkemiddelapparatet i forhold til tilskuddmoglegheit for kulturlandskapstiltak

For alle kulturlandskapstiltak som er foreslått i denne rapporten finnes ulike muligheter for å søke om tilskudd. Mest aktuelle er:

- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Etne kommune sitt næringsfond
- Rogaland Fylkeskommune
- Rogaland Friluftsråd
- STILK (Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap, kommunen og Fylkesmannens landbruksavdeling) fra 2004 av SMIL (Spesielle miljøtiltak i landbruket, landbruksetaten i kommunen)
- områdetiltaksmidler (Fylkesmannens landbruksavdeling)
- informasjonsmidler for miljøtiltak og kulturlandskap (Fylkesmannens landbruksavdeling)
- Tilskudd til vern og sikring av freda og verneverdige bygninger (Fylkeskommunens kulturavdeling og Riksantikvaren)
- Tilskudd til kulturminnevern (Fylkeskommunens kulturavdeling)
- Tilskudd til kulturlandskap (Fylkeskommunens kulturavdeling og Riksantikvaren, f.eks. samarbeid om skilting av kulturminne og restaurering av bygg som ikke har landbrukstilknytning)
- kommunale midler
- Norsk kulturarv (aksjon "Ta et tak")
- midler fra Norsk Kulturråd (tiltak som stimulerer skapende åndsliv, verne kulturarven og formidle kunst- og kulturverdier, f.eks. kulturbygg og kunsthåndverk)

Hvis restaurering av bygninger og kulturmiljøer knyttes til næringsutvikling (f.eks. Grønn omsorg/ Inn på tunet, gardsturisme og gardsmat), er det ofte muligheter for å søke om:

- bygdeutviklingsmidler fra Fylkesmannen
- næringsstøtte fra kommunens landbrukskontor

Av aktuelle sponsorar til landskapsparken som allerede er positive til planane er til dømes Sunnhordland Kraftlag, Sjøtroll AS, Marin Harvest AS, Småkraft AS. I tillegg kjem ein rekke aktørar i Haugesund som Destinasjon Haugalandet AS, Haugesund Travel, Eidsvik gruppen, og andre overnattingsbedrifter.



Det tas sikte på eit omfattande partnerskapsnivå med offentlege og private organisasjonar i Sunnhordland og Haugalandet, men også mot Sauda, Odda, Rosendal, Hardanger, Eidfjord. Dette må utredas nærare ved neste styremøte.

## **Nyhetslanseringer i media**

Det har vert fleire lanseringar rundt landskapsparken så langt, neste blir forhåpentlegvis om kor mykje eller kor lite midlar Åkrafjorden får i tilsegn frå FMLA. Prosjektleiari i AVLRL tek hand om uttalar på vegne av styret førebels.

Nærare detaljar om tiltakspakke vil bli presentera på innovativt vis for å skapa økt motivasjon for dei vidare planane.

## **Studietur i egenregi**

Styret forslår ein fire dagars studietur til Aurland og Flåm. Denne turen vert i mai/juni eller til hausten. Styret arbeidar vidare med dette gjennom prosjektleiari AVLRL.

## **Veien vidare frem til 2010**

Visjon for dei som begynte med dette arbeidet er å utvikla Åkrafjorden som ein fullverdig internasjonal destinasjon.

Dette arbeidet er nybrottsarbeid og eit fundament med å begynna prosessen har kome i gang. Vegen vil vera full av moglegheiter for ein verkeleg positiv utvikling for eit samfunn og landskap med masse verdier. Utovar det ønsk ikkje styre å forfatta så mykje meir.